



Dette er det eldste bildet vi kjenner som viser fabrikkene, dei to grunnleggarane og arbeidstokken. Bilete er truleg tatt i 1894, då bedrifta var 10 år.

Per O. Løvås sit på stolen i midten. Sven M. Aase står bak til høgre. Bak frå venstre står dei to eldste sønene til Sven Aase, Magnus og Martin. Nærast Sven Aase står Thorvald Thorsen, som blei gift med Ane, dotter til Sven. Mannen i midten bak, er Adolf Jåtten. Han var ein av dei aller fyrste som fekk arbeid ved dreieriet, og arbeida der i nesten 60 år! Som nummer to frå venstre, sit Enevald Slethei. Han arbeidde i over 50 år i dreieriet. Dei andre er ukjende.

Eit kapittel frå den tidlege *industrihistoria i Sandnes*

EINAR LEA

Litt om jærbruar som kom til Sandnes på 1800-talet og bakgrunnen for dei fyrste møbelfabrikkane som vart starta og drivne på Jæren.

Frå rundt 1800 til Sandnes fekk status som ladested i 1860, hadde det vore ei rivande utvikling i den vesle tettstaden innerst i Gandsfjorden. Det byrja med det første teglverket, Sandnes Teglverk (Gamlaverket), som vart grunnlagt i 1783. Det kom potteri på 1790-talet. Så vart det starta fleire potterier og teglverk frå 1840-åra. Leirvarer frå Sandnes vart vide kjent. Det var eit rikt sildefiske utfor kysten, og i Sandnes var dei med på dette. Fiske og salting av sild vart ei god innkome for mange. I denne aktive oppbyggingsperioden fann mange unge jærbruar vegen til tettstaden inne i Gandsfjorden. Her var det arbeid å få og her var det ei framtid for dei. Ennå hadde ikkje den store utfarten til Amerika byrja for fullt.

Det er denne tida Einar Lea tek oss med til. Han slektar sjølv frå nokre av dei mange handverkarane som kom til Sandnes og skapte nye arbeidsplassar både for seg sjølv og andre. Her tek han oss med inn i slektshistoria.

Ein husmannson kjem frå Sola, og ein pioner vert fødd

Rett etter 1840 kom ein ung mann, Mons Svenson Husebø frå Husebø i Sola til Sandnes. Han var fødd i 1820 og var yngste son til Sven Anderson Sola (Kyrkje-Sola) som bygsla bruket Dammen (den gongen kalla Husebø) på Dysjaland. Far hans døydde då han var 6 år og mora Anna Maria då han var 13. Han hadde derfor vakse opp hjå broren som hadde teke over det vesle bruket og hadde vore med og arbeidd hjå han.

Men nå var han over 20 år og måtte ut i verda for å finna seg noko å gjera. Han fekk seg fyrst arbeid på

garden Trones som var ein stor gard på den tida. Etter ei tid der fekk han arbeid ved Gamlaverket og fekk seg kost og losji hjå Halvard Pederson Tveit som var «strandsitjar», skomaker og teglverksarbeidar. Halvard var son til Peder Salomonsen Tveit som slo seg ned i Sandnes som ein av dei fyrste strandsitjarane der. Peder arbeidde ved Gamlaverket, og me veit med sikkerheit at han var i arbeid der i 1801. Sonen Halvard var og strandsitjar og hadde arbeid ved Gamlaverket.

Mons Husebø som losjerte hjå Halvard Tveit fekk eit godt auge til Ane Elisabeth, datter til Halvard. Eit litt for godt auge kan me kanskje seia, for 10 dager

etter dei vart gifte i 1845 fekk dei ein son som dei kalla Sven! Denne Sven Monsen vart som me seinare skal høyra ein av pionerane innan møbelindustrien på Jæren.

Ane Elisabeth og Mons fekk tre barn til medan dei budde i Sandnes, Maria, Ane Gedine og Halvard. Men så i 1855 kjøper Mons eit lite gardsbruk på Leite på Skjæveland og flytter dit.


To menn frå Varhaug set spor etter seg i Sandnes

Litt før den tida Sven Monsen vart fødd i eit strandsitjarhus på Sandnes, kom to brør til verda på den vesle husmannsplasssen Sauetjødno på Ueland i Varhaug. Det var Tønnes Mikkelsen Eikeland fødd i 1840 og broren Sven fødd i 1843. Dei vaks opp på den vesle garden på Ueland i ein syskenflokk på 9, og fekk nok ikkje læra så mykje meir enn det vanlege gardsarbeidet det var på ein slik gard.

Så ein gong etter at Sandnes vart ladested i 1860 drog dei dit for å prøva lukka. Kva dei gjorde dei fyrste par åra veit me ikkje heilt sikkert, men i folketeljinga som vart gjennomført i 1865 finn me både Tønnes og Sven oppførde som «snedkerlærling» i snikkar Ole Thorsens si hushaldning. Her hadde dei kost og losji i læretida, slik skikken var den gongen. Begge står oppførde med Mikkelsen som etternamn, eit namn dei begge nytta seinare.

Ole Thorsen kom frå Børve i Ullensvang i 1859 og starta snikkarverkstad i eit hus som han fekk heimel på i 1861. Han dreiv og med trelasthandel. Dette var i Strandgt. 20.

Mikkelsenbrørne var altså i snikkarlære hjå Thorsen i 1865. Her var dei til 1867 og same året fekk dei




Sven Monsen Aase (1845–1914).

sett opp ein liten verkstad i Luravika der det var ein liten bekk som gav drift til eit vasshjul. Dei byrja med å laga dører og vinduer og nokre enkle kvardagsmøbler som det var bruk for i vanlege heimar. Tønnes gifta seg i 1867 med Birgitte Olsdr. Myrland frå Lura, og Sven gifta seg året etter med Elisabeth Larsen.



Sven Mikkelsen Eikeland, født 15. april 1843. Han vaks opp på det vesle bruket Sauatjødno på Ueland i Varhaug som ein av 9 søsken. Dro ca 1862 til Sandnes saman med broren Tønnes (f. 1840). Begge var i åra 1854–1867 i snikkarlære hjå snikkar Ole Thorsen som dreiv i Strandgata på den tida.

De starta eigen fabrikk i 1868. Tønnes trakk seg ut etter nokre år og starta eigen fabrikk i Langgata. Sven dreiv Mikelsens Møbelfabrikk i Strandgata vidare aleine. Sven tok namnet Sven Mikelsen, Tønnes brukte Mikkelsen.



Tønnes Mikkelsen, fødd 1840.

Ein gong ikkje så lenge etter dei to brørene hadde gifta seg, kom ei syster deira, Berta, frå Varhaug til Sandnes. Dei hadde nå stifta familie og hadde folk i kosten, så derfor trong dei til ekstra hjelp i hushaldet.

I folketeljinga for Sandnes i 1865 finn me også Sven Monsen. Han har nå flytta frå Skjæveland og attende til Sandnes. Han er nå 20 år og er registrert


som fiskar. Men nokre år seinare finn me han som den fyrste arbeidar/lærling hjå Sven og Tønnes Mikkelsen.

Her lærte han mellom anna å dreia, noko som var ein viktig del av snikkaryrket på den tida.

Sven Monsen vart og kjent med Berta Mikkelsdtr. og dette førte til at dei to vart gifte i 1874 og fekk fyrste barnet i 1875.

I 1875 brann den fyrste verkstaden til brødrene Mikkelsen ned. Fabrikken vart bygd opp att litt lenger sør enn der den fyrste sto og på sjøsida av Strandgata. Nå vart det bygd med verkstad i kjellar og fyrste høgda, og bustad i andre høgda. Sven Monsen var med på oppbygginga og vart verande hjå svoger og namnebror Sven like til 1883. Han og Berta fekk fem av borna sine medan dei budde i Sandnes.

Tønnes Mikkelsen var med og bygde fabrikken opp att etter brannen i 1875, men i 1883 trekte han seg ut og starta Tønnes Mikkelsens Møbelfabrikk i Langgata. Medan Sven Mikkelsen og sonen Ingvald heldt seg på Norestraen og utvikla denne fabrikken til ein stor og kjent møbelfabrikk, var Tønnes og etterkomarane hans meir aktive fleire stader i Sandnes. Me kan nemna Ingvald Mikkelsen & Co som vart starta i 1896, Tønnes Mikkelsens Trevarfabrikk på Stangeland som Tønnes og sonen Olaf starta opp. Denne vart seld og gjekk over til Møbelfabrikken Alliance med Lars Thu som eigar. Ein annan son til Tønnes, Thorvald, starta opp på Hana og det vart, og det var og lenge, ein Mikkelsen-fabrikk i Svartemyr på Vatne. Ein kan med rette seia at Mikkelsen-familien i ein hundreårsperiode skapte det vi på ein måte kan kalla eit «Mikkelsen-dynastiet», innan møbelproduksjon i Sandnes.




*Sandnesbenk frå Hå Bygdemuseum si samling.
Foto: Hå Bygdemuseum.*

Men på Norestraen vart Sven Mikkelsen verande, og fabrikken fekk ei god utvikling, særleg etter at eldste sonen Bernhard kom inn i leinga.

Mikkelsens Møbelfabrikk laga enkle og praktiske møbler i furu, som klaffebord, senger, stolar og ikkje minst det som etter kvart fekk namnet «Sandnesbenk». Ein slagbenk som han vart kalla, var vanleg på alle gardar både på Jæren og i Ryfylke på den tida. Ein praktisk benk som ein kunne sitja i, men som ein kunne trekja ut og «reia opp» til to personar for å sova. Denne type benk var kjent over det meste av Skandinavia, heilt opp til Karelen i Finland.

Men då Mikkelsens Møbelfabrikk begynte å serieprodusera slike benker og selja dei rundt i Ryfylke og på Jæren, fekk dei snart namnet «Sandnesbenk».

Det same hende med dei bustadhusa som vart teikna i Sandnes og som for ein stor del vart skårne saman



Peder Olavsens Løvås født 1849 i Riska.

i Sandnes og sende ut som byggjesett. «Sandnes-hus» vart namnet på desse husa.

Ein Riska-bu kjem til Sandnes

I 1882 kjem Peder Olavsens Løvås til Sandnes. Han var født i 1849 på garden Løvås i Riska.

Han hadde som liten hatt poliomyelitt og hadde svake bein. Han måtte helst krypa for å ta seg fram, og vart derfor på folkemunne kalla «krobaren». Men han var ein gløgg og viljesterk kar som ikkje ville at eit handicap skulle stoppa han. Han hadde laga sin eigen dreiebenk heime på Riska og fekk seinare plass som dreiar hjå Andreas Larsen som dreiv på Sølvsberget i Stavanger. Herfrå kom han så i 1882 og begynte med ein liten verkstad i Sandnes.

Sven Monsen og Peder O. Løvås slår lag

I slutten av 1883 seier Sven Monsen takk for seg hjå svoger Sven Mikkelsen. Ved Storåna som renn frå Stokkelandsvatnet til Gandsfjorden hadde eit interessentselskap nokre år før starta og bygd opp Gandalen Tekniske Fabrik som skulle laga furumøbler. Dette gjekk ikkje så bra, og i 1883 var fabrikken under avvikling. Maskinar og 2/3 av sjølve fabrikkbygget vart selt til Jørpeland Bruk.

Men i 1884 ville dei som åtte det som var att av Gandalen tekniske Fabrik, selja dette. Sven Monsen og Peder O. Løvås går nå i kompaniskap. Sandnes var liten på den tida, og dei to karane kjende nok kvarandre frå før. Nå får dei kjøpa det som står att av Gandalen tekniske Fabrik ved Storåna på Åse. Det var eit lite vassfall, og her var det montert eit ganske stort vasshjul. Dette var viktig for drift av dreiebenk og andre maskinar.

Så vidt vi veit flytta Sven Monsen med familie fyrst til Åse. Han flytta inn i eit hus som var bygd av dei som starta Gandalen tekniske Fabrik. Det sto like ved åa, berre eit steinkast frå sjølve fabrikken.

Løvås kom etter så snart han hadde avvikla verkstaden i Sandnes.

Fabrikken dei starta vart kalla Aase Dreieri. «Dreieriet» som det vart heitande på folkemunne utvikla seg etterkvart til ein kjent fabrikk for dreidde smågjenstander og småmøbler.

Sven Monsen tek nå Aase som slektsnamn og alle etterkomarane hans bruka dette slektsnamnet. Og Peder Løvås begynte å skriva seg for Per O. Løvås.



Eit godt samarbeid i 14 år

Per Løvås som måtte leva med kallenamnet «kroparen» var ein viljesterk mann som greidde seg godt trass i handicappet sitt. Han hadde lenge kost og losji hjå Sven Aase og flytte så inn i rom som vart innreia i fabrikk.

På toppen i fabrikk vart det og innreia rom for arbeidsfolk. Per Løvås vart ikkje gift før han var 49 år. Ei stund før han vart gift bygde han eit større bustadhus eit stykkje ovanfor der Sven Aase budde. Frå hagen i bustadhuset bygde Løvås ei bru slik at han kunne krypa rett inn i 2. høgda på fabrikk. Men Løvås måtte elles bruka hest og kjerre når han skulle koma seg rundt.

Men når Løvås skulle eit snarærend til stasjonen i Ganddal, var det vanleg at han fekk ein av sønene til Sven M. Aase til å køyra seg på ei handkjerre på den smale vegen som gjekk langs åa, dammavegen som han vart kalla. Dette gjekk ein gong så gale at ein av gutane til Sven mista styringa på kjerra og både kjerre og Løvås hamna rett i åa!

Etterkvart som Sven Aase sine søner vaks til, fekk dei alle arbeid ved «dreieriet». Dette gjaldt eldste sonen Martin, Magnus, Martinius, Sven, Anton og Arnt Johan. Seks søner fekk snikkaropplæring ved Aase Dreieri! Diverre drukna Arnt i Stokkelandsvat-



Frå salskatalogen til Aase Dreieri tidleg på 1900-talet.

net berre 17 år gamal, og Sven og Martinius døydde og tidleg av sjukdom.

Men dei tre andre vart snikkarar all sin dag! Eldste sonen Martin kjøpte i 1901 ein verkstad som låg ved Stangelandsbekken og starta det som vart Stangeland Trevarfabrikk. Men brødrene Magnus og Anton held fram ved «dreieriet» i mange år.

I 1898 døyr Mons, far til Sven, 78 år gamal. Han hadde ei tid før dette overdrege garden på Leite til yngste dottera Maren Elisabeth som var gift med Ole Andreas Erga frå Klepp.

Dei to fekk det ikkje så godt til på garden og var på det tidspunktet då faren døydde i realiteten nær konkurs. Dette gjer at Sven Monsen Aase nå trekker seg ut av Aase Dreieri og flytter til Leite for å overta garden der. 14 års kompaniskap med Per Løvås er slutt og ein nær 30 år lang karriere som dreiar/snikkar er over. Då Sven trekte seg ut var det ca. 20 mann i arbeid ved «dreieriet». Frå nå av vart han bonde.

Per Løvås finn seg nå partnare i Stavanger, Racine og Falck. Dei går inn med kapital og Aase Dreieri vert gjort om til eit aksjeselskap.

Mange av etterkomarane til Sven M. Aase og Mikelsen-brørne vart snikkarar. To av sønene til Sven vart verande i arbeid ved Aase Dreieri etter at Løvås

tok over åleine, Magnus og Anton. Og to av sønene til Magnus var ved Aase Dreieri heilt til fabrikk vart avvikla. Dei tre sønene til Anton vart og snikkarar, og den eldste, Sven A. Aase var med å starta Gjesdal Møbelfabrikk på Ålgård.

Eldste sonen til Sven M. Aase, Martin, starta som nemnt ovanfor, eigen fabrikk i Sandnes. Sønene hans vart og snikkarar og tok i si tid over fabrikk.

Hjå Mikelsen på Norestraen tok sonen Bernhard over like etter århundreskiftet. Under han utvikla fabrikk seg til ein kjent møbelfabrikk i landet. Sønene til Tønnes Mikelsen dreiv andre fabrikkar.

Vi ser at Tønnes og Sven Mikelsen og svogeren deira, Sven Monsen Aase, alle var med og starta den første fabrikkproduksjonen av møbler på Jæren. Og ikkje nok med det, fleire søner og barnebarn av desse tre var i høg grad med i utviklinga av det som vart eit hundreårig møbelevntyr på Jæren. Og fjerde-mann i laget, Per O. Løvås vart ikkje mindre kjent for sitt arbeid i møbelproduksjonen, og under hans son igjen, Olav Løvås hadde Aase Dreieri AS si storheitstid.

Vi kan med rette seia at det var dei 4 personane Sven og Tønnes Mikelsen, Sven M. Aase og Per O. Løvås som drog i gang det som vart eit møbelevntyr på Jæren.